

RUNDSKRIV

T - 4 / 95

R U N D S K R I V

**Retningsliner
for bruk av
motsegn i
plansaker etter
plan- og
bygningslova**

R U N D S K R I V

**Retningsliner
for bruk av
motsegn i
plansaker etter
plan- og
bygningslova**

Innhald:

- 1 Innleiing 3**
- 2 Om motsegn 4**
 - 2.1 Motsegnssordninga generelt 4
 - 2.2 Kven som har høve til å reise motsegn 7
 - 2.3 Når motsegn kan fremjast 8
 - 2.4 Behandling i kommunane 10
 - 2.5 Mekling i motsegnssaker 11
- 3 Oversending av motsegnssaker 12**
- 4 Behandling i Miljøverndepartementet 14**

*Departementet
Fylkesmennene
Fylkeskommunane
Kommunane*

Retningslinjer for bruk av motsegn i plansaker etter plan- og bygningslova

1 Innleiing

Miljøverndepartementet vil i dette rundskrivet utdjupe og klargjere tidlegare rundskriv T 3/91 Om innsigelser i plansaker etter plan- og bygningsloven, *som med dette vert sett ut av kraft*.

Plan- og bygningslova (PBL) legg opp til oversiktlege og effektive rutinar for behandling av arealdel til kommuneplanar og reguleringsplanar.

Kommunane kan som hovudregel gjere rettsleg bindande planvedtak. Motsegn inneber at denne kompetansen fell bort og avgjerdsmakta vert overført til Miljøverndepartementet. Difor er det viktig at det vert gjort heilt klart når det vert fremja motsegn.

Motsegn kan berre fremjast i viktige konfliktsaker som ledd i planprosessen etter at ordinær medverknad er gjennomført.

Aktuelle statlege fagorgan, fylkeskommune og nabokommune kan fremje motsegn der kommunale planar er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser. Med aktuelt statleg fagorgan er meint det organet som av sentral styremakt er utpeika til å ta hand om dei faglege interessene til vedkommande sektor i planlegginga etter PBL.

Miljøverndepartementet har lagt opp til eit system med mekling i motsegnssaker med sikte på at planspørsmål så langt råd er kan løysast lokalt. Fylkesmannen er beden om å stå for meklinga.

Med sikte på å gjere saksbehandlingstida i motsegnssaker så kort som mogeleg, er det viktig at fylkesmannen nøyde vurderer utsiktene til å nå fram før mekling vert iverksett. Vert utsiktene vurderte som små, bør det i staden leggjast til rette for at saka etter at den kommunale førehavinga er avslutta, snarast mogeleg vert oversend til departementet. Oversendingssaka til departementet skal ha med dei saksdokument og fråsegner som trengst (jf. pkt. 3).

Rundskrivet omfattar dei hovudavsnitta som er nemnde nedanfor:

- 2 Om motsegn
- 3 Oversending til Miljøverndepartementet
- 4 Behandling i Miljøverndepartementet

Departementet vil be om at adressatane som ledd i ei meir effektiv planbehandling gjer sitt for å følgje opp rundskrivet og at fagdepartementa melder frå til dei ytre etatane som har rett til å fremje motsegn. Det vil vere opp til dei sentrale fagstyremaktene å gjere sine respektive motsegnssorgan merksame på dei mål og interesser som skal takast vare på gjennom medverknad og eventuell motsegn i arealplanlegginga.

2 Om motsegn

2.1 Motsegnssordninga generelt

Kva er ei motsegn?

Det er lagt til kommunane å gjere endelege planvedtak så lenge det skjer innafor dei rammene og retningslinene som er fastsette på nasjonalt og regionalt nivå. Føresegnsene om motsegn til arealdelen i kommuneplanen, reguleringsplan og utbyggingsplan er kompetanseregler som set grenser for den kommunale styringsretten. Rettsleg inneber motsegn at det ikkje er gjort endeleg planvedtak i kommunen, og at avgjerdssretten vert overført til Miljøverndepartementet. Behandlinga av plansaka tek ikkje til på nytt, men retten til å gjere bindande planvedtak vert flytta opp til øvste planstyremakt. Motsegnssordninga må

ikkje forvekslast med klageordninga, som først kan nyttast når kommunen har gjort endeleg planvedtak med rettsverknad.

Kommunen si rolle

I utgangspunktet er det kommunen som ut frå ei samla vurdering avgjer korleis areala skal nyttast. Det er også kommunen som har ansvaret for at dette skjer på fagleg og formelt rett måte etter føreseggnene i lova og i tråd med nasjonale retningsliner.

Ein viktig føresetnad for kommunane sitt ansvar for å vedta bindande arealplanar, er at lovføreseggnene om samarbeid, samråd, offentleggjering og informasjon vert følgde opp, jf. § 16. Saksbehandlingsføreseggnene for dei ulike planane, og særleg føreseggnene om medverknad, skal mellom anna sikre at det vert teke omsyn til overordna mål og rammer og alle relevante opplysningar og interesser. Gjennom dette skal dei interessene som sentrale og regionale styremakter tek hand om, bli innarbeidde i planforsлага i tilstrekkeleg grad. Kommunane kan ikkje la vere å ta omsyn til overordna statlege eller regionale interesser i planlegginga. Motsegn føreset at det frå før er gjennomført ei saksbehandling med reell medverknad og samarbeid mellom sektorstyremaktene/fylkeskommunen og kommunen.

Rollene til statlege fagstyremakter og fylkeskommunen

Verken fylkeskommunen eller statleg fagstyremakt kan påleggje kommunen å leggje ut eit område til eit bestemt formål. Oppgåva deira er først og fremst å formidle nasjonale og regionale mål og retningsliner gjennom faglege råd og merknader, eventuelt med varsel om motsegn. Dei kan også peike på at planen fagleg sett ikkje held mål og difor bør vurderast nærrare.

Organ med høve til å fremje motsegn må vere varsame med å overprøve kommunestyret sitt skjøn i lokale saker. Det er opp til vedkommande fylkeskommune, nabokommune eller statlege fagorgan å avgjere kva som er så vesentleg at det bør føre til motsegn og dermed avgjerd i departementet. I og med at motsegn er det verkemiddelet fylkeskommunar og statlege organ kan nytte for å følgje opp nasjonal og regional politikk, bør det så langt råd er berre vere viktige konfliktsaker som vert avgjorde sentralt.

Grunnlag for motsegn

Regjeringa som øvste forvaltningsorgan kan gje retningsliner og rammer innanfor dei ulike sektorane som etter føresetnaden skal leggjast til grunn i planlegginga. Som følgje av det parlamentariske systemet må denne styringsretten utøvast innanfor dei mål og retningsliner som Stortinget har fastsett. Fylkesplanen inneholder dei regionale rammene (sjå elles 2.3.2).

Effektiv planprosess

Det er svært viktig at kommunane tek tidleg kontakt med aktuelle sektororgan for fylkeskommunen, slik lova føreser. Desse pliktar på si side å medverke i planprosessen frå eit tidleg tidspunkt av, noko som har mykje å seie for å sikre at dei innspel som vert fremja, kjem med i utforminga og behandlinga av planframlegga.

Det er viktig å leggje opp til eit behandlingsmønster slik at kommunane er kjende med eventuelle grunnlag for motsegner før planen er klar til offentleg ettersyn, og motsegn må under alle omstende ligge føre før kommunestyret gjer sitt vedtak.

Den gjensidige kontakt-, informasjons- og samarbeidsplikta for kommunane og sektorstyremaktene er viktig, og varierer frå fylke til fylke. Faste samarbeidsforum mellom kommunane og sektorane/fylkeskommunen i kvart fylke kan medverke til tidleg avklaring, raskare avgjerder, betre samordning og redusert konfliktnivå.

Bruk av fristar

Kommunane bør nytte føresegnene i lova til å setje klare og realistiske fristar for medverknad frå sektorane si side.

Sektorane må på si side følgje desse fristane, eventuelt søkje om forlenging av fristane, slik at kommunane kan følgje ein fastlagd framdriftsplan. Dette er nødvendig for at prosessen skal vere effektiv og påliteleg for styremakter og private, t.d. utbyggjarar som ventar på planavklaring før prosjekt kan setjast i verk.

2.2 Kven som har høve til å reise motsegn

Organ som kan fremje motsegn

Fylkeskommune, nabokommune og aktuelle statlege fagstyremakter kan reise motsegn. Det er opp til vedkommande fagdepartement å avgjere kva organ som skal vere statleg motsegnsstyremakt. Det vil som hovudregel vere eit statleg fagorgan på fylkesnivå som har motsegnsrett på kvart fagområde. Men dersom det ikkje finst noko statleg organ på fylkesnivå for eit fagområde, kan motsegnsretten leggjast til eit sentralt organ, t.d. eit direktorat. For kulturminneforvaltninga er det fylkeskommunen og Samisk kulturminneråd som har høve til å reise motsegn, men slik at Riksantikvaren kan reise motsegn der nasjonale verneinteresser er truga og fylkeskommunen vil akseptere planen. Fylkesfriluftsnesnnda har høve til å reise motsegn for å verne interessene til allmenta, jf. § 22 i friluftslova.

Innanfor ein sektor er det normalt berre eitt statleg fagorgan som kan reise motsegn på fagområdet til sektoren. Det er avgjerande for at systemet skal verke og ha ei eintydig og ryddig behandling når det gjeld avgrensing i plankompetansen til kommunane.

Miljøverndepartementet har i samråd med dei andre departementa utarbeidd eit oversyn over dei statlege organa med motsegnsrett som kommunane skal kontakte i plansaker, jf. vedlegg 1 til dette rundskrivet. Dersom det i den einskilde saka kan vere tvil om kor vidt eit organ har motsegnsrett, bør det takast kontakt med vedkommande fagdepartement og Miljøverndepartementet.

Organ som ikkje kan fremje motsegn

Departementet legg som nemnt til grunn at det er dei statlege organa som har oppgåver i kommunal planlegging etter § 9-3 som forvaltar den formelle samarbeidsrolla og som dermed kan fremje motsegn, jf. lista som ligg ved. Andre statlege fagstyremakter som har interesser å ta vare på i ein plan, t.d. som eigedomsforvaltar, utbyggjar o.l., kan ikkje reise motsegn som hindrar kommunen si eigengodkjenning. Slike statlege organ vil

likevel kunne ha rett til å kome med fråsegn i saka og eventuelt høve til å klage.

2.3 Når motsegn kan fremjast

2.3.1 Kva for planar det kan fremjast motsegn mot

Motsegn kan fremjast:

- mot arealdelen i kommuneplanen etter § 20-5, femte ledd
- mot reguleringsplan etter § 27-2, nr. 2 første punktum
- mot utbyggingsplan etter § 28-2, fjerde ledd

Planbehandling

Etter § 20-5 i lova skal kommunen syte for at dei mest aktuelle spørsmåla i kommuneplanarbeidet på eit tidleg tidspunkt vert gjorde kjende på ein tenleg måte, slik at dei kan bli emne for offentleg debatt. Utkast til kommuneplanar skal sendast til fylkeskommunen, aktuelle statlege organ og organisjonar m.m. som har særlege interesser i planarbeidet til fråsegn.

Planutkastet skal også leggjast ut til offentleg ettersyn ved at ein kunngjer i pressa at framleggget er tilgjengeleg til gjennomsyn.

Paragrafane 27-1 og 27-2 inneholder tilsvarande og meir detaljerte føresegner om saksbehandling, offentlegheit og kunngjering som gjeld for behandling av reguleringsplanar. Her er det eit krav etter lova at oppstart av planarbeidet skal kunngjerast. Vidare skal private som saka gjeld, varslast i brev i to fasar i reguleringsprosessen.

Statlege fagstyremakter og fylkeskommunen blir såleis gjorde kjende med kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging i to fasar. På kva måte oppstart av kommuneplanlegginga blir teken opp, vil nok variere frå fylke til fylke, men det er viktig for dei medverkande organa å ha kontakt med fylkeskommunen også på dette stadiet. Fråsegnene og det samarbeidet som vert etablert mellom kommune, fylkeskommune og statlege fagorgan vil dreie seg om faglege råd og eventuelle motsegner. Ordet "motsegn" må i tilfelle brukast, og det er berre *motsegn* som er kompetanseavgrensande.

2.3.2 Grunnlaget for motsegn

Ei motsegn skal vere forankra i og grunngjeven med vedtekne nasjonale eller regionale mål, rammer og retningsliner, t.d. i form av stortingsmeldingar, langtidsprogram for regjeringa, rikspolitiske retningsliner, fylkesplanar, rundskriv og retningsliner i tilknyting til eit lovverk, som t.d. vegnormalane etter veglova eller kriterium for støy og forureinande utslepp etter forureiningslova. Ei motsegn må vere knytt direkte eller indirekte til realitetsspørsmål i planutkastet/planframlegget og ha følgjer for saksområdet til vedkommande styremakt.

Konkret kan motsegna rette seg mot utlagd arealbruk etter § 20-4, 1-6 eller § 25, og mot planføresegner etter § 20-4, a-h, eller § 26, for høvesvis arealdelen i kommuneplanen og reguleringsplanen. Innhaldet i motsegna kan gjelde realiteten i planen eller formelle tilhøve, t.d. utforminga av ei planføresegn, om ein arealbrukskategori er lovleg, eller sjølv saksbehandlinga når eit spørsmål ikkje er ferdig utgreidd og avgjerd difor bør utsetjast. Motsegner knytte til reint formelle omstende må likevel avgrensast til tilfelle der desse kan ha reelle følgjer for innhaldet i planen i høve til dei interessene vedkommande organ har til oppgåve å ta vare på. Det kan òg reisast motsegn der planutkastet eventuelt kjem i konflikt med pågåande planarbeid på fylkesnivå. Dei fleste motsegner vil likevel gjelde konfliktar mellom kommunen sine ønske og behov og overordna interesser i ein viss arealbruk.

I visse tilfelle kan det vere klargjort gjennom fråsegner og kontakt i planprosessen at fleire overordna sektorinteresser samla er så vesentlege at motsegn kan vere aktuelt. Det kan t.d. gjelde naturvernomsyn og kulturminnevern, trafikale omsyn og miljøomsyn i samband med utbygging m.m. Fylkeskommunen har her ei sentral oppgåve med å sjå til at det vert oppnådd gode heilskapsløysingar.

Ikkje alle statlege interesser vil vere relevante tema for motsegn. Til dømes vil interesser av meir privatrettsleg eller privatøkonomisk karakter falle utanom, sjølv om det er offentlege styremakter som forvaltar desse interessene og rettane. Dette kan til dømes vere generelle grunneigar-, byggherre- eller eigedomsforvaltningsinteresser.

2.4 Behandling i kommunen

Behandling av motsegn i kommunen

Kommunen kan ikkje sjå bort frå ei motsegn. Sjølv om kommunen meiner at det organet som har reist motsegna, ikkje har høve til dette, eller at motsegna manglar tilstrekkeleg sakleg grunngjeving, må kommunen likevel behandle saka som ei motsegn. Kommunen bør eventuelt drøfte saka med vedkommande organ eller fylkesmannen/fylkeskommunen.

Tilbaketrekking av motsegn

Kommunen og vedkommande motsegnsorgan må så langt råd er prøve å bli samde om ei løysing. Motsegna kan såleis når som helst trekkjast tilbake av det organet som har fremja motsegna. Kommunestyret kan då gjere endeleg planvedtak. Det same gjeld dersom kommunen og vedkommande organ vert samde om eit noko endra planframlegg, jf. likevel avsnittet nedanfor om behovet for ny utlegging i høve til endringar.

Kjem kommunen til at han vil ta motsegna til følgje, og inneber motsegna endring av noko omfang i høve til det utkastet som tidlegare har vore ute til offentleg ettersyn, må nytt planutkast leggjast ut før det eventuelt vert vedteke av kommunestyret. Dette gjeld både for arealdelen i kommuneplanen og for reguleringsplan. Vesentlege endringar som vert gjorde etter at planframlegget har vore utlagt til offentleg ettersyn, krev alltid ny utlegging før kommunestyrevedtak vert gjort. Er endringane presenterte som eit alternativ i samband med offentleg ettersyn tidlegare, kan spørsmålet om behovet for ny utlegging stille seg annleis. I slik samanheng er det likevel viktig å ha in mente forvaltningslova § 17, første ledd og § 37, første ledd, om utgreiings- og høyningsplikt.

Motsegn til klart avgrensa område i arealdelen

Når det gjeld arealdelen i kommuneplanen, kan kommunestyret ved motsegn til klart avgrensa område vedta planen elles med rettsleg bindande verknad, jf. PBL § 20-5, fjerde ledd. Dei områda som det er reist motsegn mot, vert då skilde ut for vidare

behandling. Kommunestyret kan vidare etter føresegna i § 20-4, andre ledd bokstav h) vedta at planen ikkje skal ha rettsverknad for nærmere fastsette areal. Vedtak om bruk av bokstav h) er ein del av planvedtaket og må behandlast i samsvar med det, eventuelt med ny utlegging og høyring. Tilsvarande høve for kommunen til delt planvedtak og unntak frå rettsverknad ligg ikkje føre i reguleringssaker.

2.5 Mekling i motsegnssaker

I utgangspunktet må kommunen og vedkommande sektororgan så langt mogeleg bli samde om planløysinga. Det har likevel vist seg at ein del reelle arealkonfliktar er av ein slik karakter at dei bør løysast sentralt. Somme konfliktar kan av ulike årsaker vere slik at det er vanskeleg for kommunen og vedkommande organ å komme til semje om planar.

Miljøverndepartementet har difor lagt opp til eit system med mekling i motsegnssaker for at plankonfliktar kan bli løyste i ein vidare prosess mellom kommunen og vedkommande organ. Det vert framleis føresett at meklinga vert gjennomført av fylkesmannen med nødvendig planfagleg hjelp frå fylkeskommunen.

Meklinga bør som hovudregel skje så tidleg i planprosessen at det er mogeleg å finne løysingar før kommunestyret behandlar saka for å gjere vedtak. På den andre sida tilseier omsynet til oppgåve og rollefordeling mellom fylkesmannen som statleg representant og kommunen som planstyremakt at meklinga først vert sett i verk når det ligg føre politisk behandla planframlegg frå det faste utvalet for plansaker.

Berre i unntakstilfelle bør mekling skje etter at kommunestyrevedtak er gjort.

Fylkesmannen si rolle som samordningsstyremakt og som sektorstyremakt

Fylkesmannen kan òg søkje konfliktløysing og gå til mekling der han sjølv har fremja motsegn, t.d. på miljøvernsektoren og sosialsektoren. Noko inhabilitetsspørsmål etter forvaltningslova oppstår ikkje i samband med dette.

I denne samanhengen viser ein elles til brev frå Miljøvernministeren av 7. desember 1994 til fylkesmennene om synleggjering av miljøfaglege synspunkt i saker etter PBL, der fylkesmannen si rolle som sektorstyremakt for miljøvern og som statleg samordningsstyremakt er omhandla. Statsråden viser til motsegnsrundskrivet T-3 /91 som peikar på det viktige i at fagleg fråsegn frå miljøvernavdelinga følger motsegnsretten, og seier at i dei embeta der motsegnsretten ikkje er delegert, skal den miljøfaglege fråsegna alltid følgje motsegna frå fylkesmannen.

Meklinga er ikkje lovpålagd, og det vil såleis ikkje vere ein formell feil om det ikkje vert gjennomført mekling.

3 Om oversending av motsegnsaker til Miljøverndepartementet

Ved motsegn til arealdelen i kommuneplanen skal arealdelen etter at vedtak i kommunestyret er gjort, sendast departementet til godkjenning dersom kommunestyret ikkje har teke omsyn til motsegnene.

Ved motsegn til reguleringsplan skal planen sendast til departementet for stadfestingsbehandling.

Ved motsegn til utbyggingsplan skal saka behandlast som reguleringsplan. Det vil seie at saka vert send til kommunestyret for endeleg vedtak, og eventuelt vidare til departementet som motsegnsak.

Kommunen

Kommunen må i sitt oversendingsbrev gjere greie for konflikten og kommunen si grunngjeving for ikkje å ta omsyn til motsegna. Det må gjevast ei saksframstilling med slik dokumentasjon at fylkeskommunen, fylkesmannen og departementet får eit fullstendig bilet av konflikten og kommunen si behandling av denne.

Alle saksdokumenta skal vere ordna i kronologisk rekjkjefølgje med 4 kartsett, vedtak, saksframstilling, fråsegner,

planføresegner og dokumentliste. Det må ligge føre fråsegner frå dei styremakter og organisasjonar m.m. som har interesser i saka, og fråsegner frå dei privatpersonar og aktuelle grupper som har engasjert seg. Kommunen må vidare gjere greie for tilhøvet mellom planframlegget og overordna planar, rikspolitiske retningsliner, tidlegare planar og pågåande planarbeid.

Kommunen sender saka direkte til fylkesmannen. Kopi av brevet vert send til fylkeskommunen og den fagstyremakt som har motsegn. Ønskjer fylkeskommunen å gje supplerande fråsegn, må han straks gje fylkesmannen melding om dette. Fråsega vert i så fall å ta med i fylkesmannen si oversending til departementet.

Fylkesmannen

Fylkesmannen må i sitt oversendingsbrev til departementet oppsummere hovudpunkta og gje opplysningar om saka, mellom anna:

- 1) Kven som har lagt fram motsegner.
- 2) Kva motsegnene gjeld.
- 3) Overordna plangrunnlag og tidlegare planar for området.
- 4) Behandling av saka i Kommunen.
- 5) Tilhøvet til eventuelle andre spørsmål som må sjåast i samanheng med den aktuelle saka, som t.d. gjevne eller omsøkte konsesjonar etter forureiningslova eller anna lovverk, statleg eller fylkeskommunal økonomisk støtte til planarbeid, tiltaksarbeid eller tileigning av grunn innanfor eller nær planområdet.
- 6) Om det er halde mekling, kven som deltok og kva som vart resultatet.
- 7) Fråsegn frå fylkeskommunen.
- 8) Fylkesmannen si samla vurdering av saka og tilråding om vedtak i saka.

Brevet frå fylkesmannen vert å sende departementet med kopi til kommunen, den styremakta som har reist motsegn og fylkeskommunen.

Behandling i Miljøverndepartementet

Lova inneholder rammer for omfanget av dei endringar Miljøverndepartementet kan gjere i samband med godkjenning av arealdelen i kommuneplanen/stadfestning av reguleringsplan. Dette er avgjerande for kva vedtak Miljøverndepartementet kan gjere, og har for så vidt òg innverknad på kva eit organ med rett til å reise motsegn kan oppnå ved å fremje motsegn.

Kommunestyrevedtaket vert godkjent / stadfesta

For det første kan departementet sitt vedtak gå ut på at kommunestyrevedtaket vert godkjent/stadfesta heilt ut, og at motsegna såleis ikkje vert teken til følgje.

Motsegna vert fullt ut teken til følgje

Vidare kan departementet ta ei motsegn fullt ut til følgje og dermed nekte å godkjenne/stadfeste planvedtaket til kommunen. Det kan i så fall opplysast til kommunen kvifor planen ikkje held mål slik han ligg føre, og departementet kan i denne samanhengen peike på dei overordna omsyna som må vere tekne hand om for at planen skal kunne godtakast.

Godkjenning / stadfestning med visse endringar

Dersom departementet kjem til at vedtaket kan godkjennast/stadfestast med visse endringar, kan det i høve til *arealdelen i kommuneplanen* gjere slike endringar som det finn påkravde. Når det derimot gjeld *reguleringsplan*, kan departementet gjere endringar som det finn påkravde, men først etter at kommunen har fått uttale seg og berre så lenge det ikkje medfører at planen vert endra i hovudtrekka.

Det er ikkje noko krav etter lova at endringane heilt vert avgrensa til dei delar av planen som det er reist motsegn mot. Planen må i utgangspunktet sjåast under eitt, og det kan gjerast endringar som har samanheng med, og er nødvendige for å kunne ta motsegna til følgje. Her viser ein likevel til § 20-5, femte ledd, som inneber at motsegn til arealdelen i kommuneplanen kan vere avgrensa til ein nærrare fastsett del.

Etter § 20-6, tredje ledd gjeld arealdelen i kommuneplanen

framom tidlegare vedteken reguleringsplan dersom det ikkje i planvedtaket er fastsett at reguleringsplanen heilt eller delvis skal gjelde framom ny arealdel. I samband med motsegn til arealdelen i kommuneplanen, kan spørsmålet om å endre arealbruk i tidlegare regulert område komme opp. I tilfelle dette vert gjort, må den gjeldande plansituasjonen klarleggjast, t.d. ved at arealdelen ikkje får rettsverknad, jf. § 20-4, andre ledd bokstav h), og ved at det vert teke opp med kommunen å endre reguleringsplanen i samsvar med den nye arealdelen slik han er vedteken av departementet.

Endra fråsegn frå sentralt fagorgan

Når ei plansak som det er knytt motsegn til er send departementet for godkjenning/stadfesting, vil departementet alltid fatte endeleg godkjennings-/stadfestingsvedtak. Dersom det organet som har fremja motsegn eller overordna organ har eit anna standpunkt etter at saka er kommen til Miljøverndepartementet, vil dette bli vurdert som ei fråsegn frå vedkommande organ under godkjennings-/stadfestingsbehandlinga.

I tillegg til motsegnsretten til statlege fagorgan gjev PBL §§ 20-5, sjuande ledd og 27-2, siste ledd departementet heimel til å innkalte vedteken arealdel til kommuneplan og reguleringsplan som vil vere i strid med nasjonale interesser. Slik endring kan vere aktuell også i saker som er sende departementet på grunn av motsegn.

Dersom det er aktuelt å gjere endringar på dette grunnlaget, må kommunen høyrist. Eventuelt kan dei delane av planen som må endrast, unntakast frå godkjenning/stadfesting og gå til ny behandling i kommunen. Dersom endringane ligg innanfor dei alternativa som har vore med under kommunen si utgreiing og utlegging av saka til offentleg ettersyn, kan departementet gjere endringa direkte.

Departementet si godkjenning av arealdelen i kommuneplanen etter § 20-5 og stadfesting av reguleringsplan etter § 27-2 vil vere enkeltvedtak etter forvaltningslova.

Utgreiings- og saksbehandlingskrava for eventuelle planendringar gjeld for behandlinga i departementet på lik linje med det som gjeld behandlinga i kommunen, jf. ovanfor.

Motsegnssorganet, kommunen, fylkeskommunen og eventuelt fylkesmannen må difor i oversendingsbrevet vurdere korleis ei eventuell planendring som vedkommande organ går inn for, må behandlast før endeleg vedtak kan gjerast av departementet.

Først ved vedtak i departementet blir arealdelen og reguleringsplanen bindande og får rettsverknad. Det medfører at planen først kan kunngjeraast når departementet sitt vedtak ligg føre.

Vedlegg

Myndigheter med motsegnekompetanse i plansaker etter plan- og bygningslov

Bergvesenet

Massetak, bergverk (NOE)

Direktoratet for brann- og eksplosjonsvern

Brann- og ekspløsjonfare/førebygging (KAD)

Fiskerisjefane

Fiskeoppdrett, fiskeri, tang- og tarehausting (FID)

Forsvarets bygningsteneste

Bygningar og eigedomar for forsvaret (FD)

Fylkesmennene

Forureining/miljø- naturvern og friluftsliv (MD), miljøretta helsevern (etter førelegging for fylkeslejen) (SHD). Barn og unge sine interesser (BF). Beredskap, tilfluktsrom, risiko og sårbarheit (JD)

Fylkesfriluftsnevnda

Allmenta sine friluftsinteresser (MD)

Fylkeskommunane

Kulturminnevern, fylkesplan/regionale planinteresser/planfagleg kvalitet (MD)

Fylkeslandbruksstyra

Jord- og skogbruk (LD)

Fylkesveterinærane

Fiskesjukdomar

Luftfartsverket	Lufthamner, lufttransport (SD)
Kystverket sine distriktskontor	Hamne- og farvatnforvalting, utnytting av sjøområde, kaianlegg, sjøverts transport (FID)
Nabokommune	
Norges statsbaner (NSB), baneregionane	Jarnbanar, jarnbanetransport (SD)
Norges vassdrags- og energiverk	Vassdrag og vassdragsregulering, kraftleidningar (NOE)
Områdestyra for reindriftssaker	Reindrift (LD)
Riksantikvaren	Kulturminnevern i tilfelle nasjonale verneverdiar, i Oslo kommune, og der fylkeskommunen ikke følgjer fylkeskonservatorens innstilling om å fremje motsegn (MD)
Samisk kulturminneråd	Samisk kulturminnevern (MD)
Telenor A/S	Teleinfrastruktur (SD)
Statens vegvesen på fylkesnivå	Riksvegar/fylkesvegar, vegtransport (SD/Vegdirektoratet)
Statsbygg	Bygningar og eigedomar for Staten (AD)
Stiftsdireksjonane/bispedømmeråda	Kyrkjer og kyrkjegardar (KUD)

R U N D S K R I V

Flere eksemplarer av denne
publikasjonen kan bestilles fra:

Statens forurensningsstilsyn (SFT)

Strømsveien 96
Postboks 8100 Dep.
0032 Oslo
Telefon 22 57 34 00
Telefax 22 67 67 06

